



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Sykkylven kulturhus
Dato: 13.04.2026
Tid: kl 18:00 - 22:15

Faste medlemmer som møtte:

Namn:	Funksjon:	Representerer:
Nina Ulstein	Medlem	FRP
Olav Harald Ulstein	Ordfører	FRP
Jarle Strømmegjerde	Varaordfører	H
Arve Ekornes	Medlem	FRP
Frank Kjøde	Medlem	FRP
Ivar Johannes Johansen	Medlem	FRP
Karl Dagfinn Lyshol	Medlem	FRP
Svein Tore Sørgård	Medlem	FRP
Anita Bente Kjersheim	Medlem	SP
Janne Brunstad	Medlem	SP
Ole Kjell Eidem	Medlem	SP permisjon etter PS- 17/26
Petter Hole-Drabløs	Medlem	SP
Sveinung Vemøy	Medlem	SP
Therese Kristin Utgård Aas	Medlem	SP
Maria Moe	Medlem	H
Torill Velle	Medlem	H
Øyvind Hunnes	Medlem	H
Clara Aarseth-Strømmegjerde	Medlem	AP
Hans Petter Brunstad Sørensen	Medlem	AP
Karna Myhre	Medlem	AP
Carola Herrmann	Medlem	V
Leonhard Vårdal	Medlem	SV
Odd Arne Krüger	Medlem	KRF

Forfall:	Parti	Varamedlem	Parti
Otto Magne Strømmegjerde	AP	Anne Karin Watters	AP
Anita Vollstad	FRP	Geir Brekke	U
Cecilie Naustenget	FRP	Tore Kalstad	FRP
Birgitte S. Bonesmo	H	Synnøve Ramstad permisjon etter IP 01/26	H
Karoline Ringdal Hjelseth	H	Roger André Welle	H
Leif Kjetil Lorentzen	V	Jan Halvard Holmøy	V

Andre som møtte:	
Torbjørn Emblem	kommunedirektør
Henning Leiv Pilskog	kommunalsjef helse
Linda Nilsen Hovland	kommunalsjef oppvekst
Odd Jostein Drotninghaug	kommunalsjef samfunn
Torill Skjeret	møtesekretær

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-13/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS-14/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-15/26	Referatsaker
RS-08/26	Orientering om asfaltering i 2026
RS-09/26	Orientering om TØRN prosjekt i helse og omsorgstenesta
RS-10/26	Orientering omkring pleie / omsorg - status og vidare planar
RS-11/26	Storfjordsambandet AS - status mars 2026
RS-12/26	Til orientering - Årsmelding 2025 for eldrerådet
RS-13/26	Til orientering - Årsmelding 2025 for rådet for personar med funksjonsnedsetting
RS-14/26	Til orientering - Årsmelding 2025 for ungdomsrådet
PS-16/26	Planstrategi 2024 - 2027
PS-17/26	Dagsturhytte Sykkylven kommune - vidare plan og gjennomføring
PS-18/26	Detaljregulering Åsgarden, BU2 - 2.gongs politisk behandling - Framlegg om eigengodkjenning
PS-19/26	Veglys i kommunen
PS-20/26	Tilskot - Sykkylvsdagane 2026
PS-21/26	Vedtaksrekneskap 2. halvår 2025
IP-01/26	Interpellasjon til kommunestyret 13.04.2026 - Kritisk svikt i mottak av utskrivingsklare pasientar
PS-22/26	Høringssvar fra Sykkylven kommune av NOU 2026: 1 En bærekraftig kommunesektor
PS-23/26	STEVNING Erstatningskrav — Ulovleg forvaltning og systematisk blokkering av eigedomsrettar

13/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

KST - 13/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre.

14/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

Det var ingen merknader til protokollen.

KST - 14/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

15/26 Referatsaker

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

KST - 15/26 Vedtak:

Referatsaker vert tatt til vitende.

08/26 Orientering om asfaltering i 2026

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

Kommunalsjef samfunn Odd Jostein Drotninghaug svarte på spørsmål.

09/26 Orientering om TØRN prosjekt i helse og omsorgstenesta

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

Kommunalsjef helse Henning Pilskog orienterte.

10/26 Orientering omkring pleie / omsorg - status og vidare planar

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

Kommunalsjef helse Henning Pilskog orienterte.

11/26 Storfjordsambandet AS - status mars 2026

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

12/26 Til orientering - Årsmelding 2025 for eldrerådet

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

13/26 Til orientering - Årsmelding 2025 for rådet for personar med funksjonsnedsetting

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

14/26 Til orientering - Årsmelding 2025 for ungdomsrådet

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

16/26 Planstrategi 2024 - 2027

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

Samrøystes vedtak: Som formannskapet si tilråding.

KST - 16/26 Vedtak:

Sykkylven kommunestyre vedtek Kommunal planstrategi for Sykkylven 2026-2027 i samsvar med vedlagt dokument «Kommunal planstrategi Sykkylven 2026-2027»

17/26 Dagsturhytte Sykkylven kommune - vidare plan og gjennomføring

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

Forslag til nytt punkt 6, foreslått av Therese Kristin Utgård Aas, Senterpartiet

"Ei dagsturhytte som kommunen skal medfinansiere, skal tilretteleggast til universell utforming, slik at kommunen kan stette lovkravet i artikkel 30 i CRPD. Då kan dagsturhytta bli eit tilbod som alle i samfunnet kan nytte".

Formannskapet si tilråding til pkt 1 - 5 vart samrøystes vedteken.

Pkt. 6: Formannskapet si tilråding vart vedteken med 27 røyster, Therese U Aas sitt forslag fekk 2 røyster.

KST - 17/26 Vedtak:

1. Sykkylven kommunestyre vedtek etablering av Dagsturhytte i Sykkylven med plassering på Aurenakken.
2. Hyttemodell og vidare framdrift slik det kjem fram i saka med vedlegg . Anbod vert å lyse ut i løpet av Q2-2026.
3. Finansiering vert gjort med tilskot, tippemidlar og låneopptak inklusiv forskottering av tippemidlar.
4. Låneopptak med inntil kr 600.000 i forskotteringslån av tippemidlar og inntil kr 250.000,- i kommunal andel på Dagsturhytta.

5. Lånevilkår i høve vedteke finansreglement og med løpetid på inntil 30 år.
6. Moglegheit for utarbeiding av universelt utforma sti blir vurdert i eiga sak.

18/26 Detaljregulering Åsgarden, BU2 - 2.gongs politisk behandling - Framlegg om eigengodkjenning

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

28 voterande.

Clara Aarseth-Strømmegjerde tok opp spørsmål om habilitet som ektefelle til utbygger og heimelshavar i saka, og ho gjekk frå.

Vara Henning Tandstad tok sete. Aarseth-Strømmegjerde vart samrøystes vedteken inhabil og deltok ikkje i handsaminga av saka.

Samrøystes vedtak: Som tilrådinga frå nærings- og utviklingsutvalet.

KST - 18/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 1.ledd, eigengodkjenner kommunestyret i Sykkylven kommune fremja planforslag, Detaljregulering Åsgarden, BU2 (planid15282023002), jamfør plankart, føresegner og planomtale sist revidert 06.03.2026.

19/26 Veglys i kommunen

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

28 voterande.

Samrøystes vedtak: Som formannskapet si tilråding.

KST - 19/26 Vedtak:

1. Sykkylven kommune vedtek å overføre veglys ein har driftstilskott på frå fylkeskommunen over på vegeigar.
 2. Administrasjonen får i oppdrag å gjennomføre møter med fylkeskommunen, med mål om å få meir av veglys langs fylkesveg over på vegeigar.
 3. Administrasjonen går gjennom veglys, som står på privat eigedom, med mål om at drifta skal over på den som eig vegen/området. (viss dei vi behalde veglysa)
- Unntak kan vere private vegar, som vert nytta av mange andre enn dei som bur i området.
4. Klager på vedtak i sakene, vert å handsame i NU.

20/26 Tilskot - Sykkylvsdagane 2026

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

Oversendingsforslag for nytt reglement for festivalstøtte, foreslått av Therese Kristin Utgård Aas, Senterpartiet

Ønsker at administrasjonen kjem tilbake til kommunestyret med ei sak der det blir vurdert eit felles reglement, med evt ein felles "festivalpott" som alle festivaler og større tiltak kan søke på. Dette kan sikre likebehandling og transparenens i handsaminga av desse sakene.

Nytt forslag, foreslått av Jarle Strømmegjerde, Høgre

1. Auke tilsagnet til kr 125 000,- i formannskapet si tilråding

2. Som tilrådinga frå formannskapet

3. Administrasjonen blir bedt om å legge fram sak for å evt kunne opprette festivalpott.

28 voterande.

Etter drøfting av forslaga i saka bad Venstre om gruppemøte. Dette vart innvilga.

Etter gruppemøtet trekte Therese Utgård Aas sitt oversendingsforslag.

Avrøysting:

Pkt. 1; Forslaget frå Høgre v. Strømmegjerde vart vedteke med 17 mot 11 røyster.

Pkt. 2; Formannskapet si tilråding samrøystes vedteken.

Pkt. 3; Forslaget frå Høgre v. Strømmegjerde vart vedteke med 27 mot 1 røyst.

KST - 20/26 Vedtak:

1. Sykkylven kommunestyre vedtek å løyve inntil kr 125.000 til Sykkylven Handelsforening til Sykkylvsdagane 2026.

2. Dekning - sekkeposten politisk - kapittel 9 i driftsrekneskapen.

3. Administrasjonen blir bedt om å legge fram sak for å evt kunne opprette festivalpott.

21/26 Vedtaksrekneskap 2. halvår 2025

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

28 voterande.

Samrøystes vedtak: Som formannskapet si tilråding.

KST - 21/26 Vedtak:

Kommunestyret tek vedtaksrekneskap 2. halvår 2025 til vitande.

01/26 Interpellasjon til kommunestyret 13.04.2026 - Kritisk svikt i mottak av utskrivingsklare pasientar

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

Frank Kjøde presenterte interpellasjonen frå Frp v. Anita Vollstad.

Avrøysting: (28 voterande)

Forslaget i interpellasjonen vart vedteke med 25 mot 3 røyster.

KST - 01/26 Vedtak:

Sykkylven kommunestyre ber om å få ei tydeleg utgreiing, og at det raskt blir lagt fram konkrete og forpliktande tiltak for å få kontroll over situasjonen.

22/26 Høringssvar fra Sykkylven kommune av NOU 2026: 1 En bærekraftig kommunesektor

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

Sykkylven SV sitt forslag til: Høringssvar frå Sykkylven kommune om kommunekommisjonen (NOU 2026:1), foreslått av Leonhard Vårdal, SV - Sosialistisk venstreparti

1) Avvikling av lærarnormen

Sykkylven kommune støttar ikkje å avvike lærarnormen.

Vi meiner forslaget om å avvike lærarnormen vil ha store negative konsekvensar for kvaliteten i grunnopplæringa. Skulen er under eit sterkt press med krav om utvida ansvar for barn sin oppvekst og opplæring, og ei svekking av lærarnorm er ikkje løysinga på desse utfordringane.

Å fjerne lærarnormen vil føre til større elevgrupper, mindre tid per elev og auka belastning på lærarane. Dette vil kunne redusere elevane sitt læringsutbytte og auke slitasjen i ei yrkesgruppe som melder om høgt arbeidspress grunna stadig fleire oppgåver.

Erfaringane etter normen blei innført viser ein tydelig effekt: med meir enn 2500 lærar i skulen er kontakten mellom elevar, føresette og lærarar betra, læringsmiljøet er betra, og trivselen i skulen er betra.

Å avvike normen vil være i konflikt med målet om å styrke kvaliteten i skolen. Normen sikrer nødvendig oppfølging av elevar og gir lærarane rammer som gjer det mogleg å utføre lærargjeringa med godt samvit. Læraren er den viktigaste faktoren for eleven si læring og trivsel, og det krev at dei har god tid til kvar elev. Normen er derfor eit sentralt virkemiddel for å sikre kvalitet og likeverd i opplæringen på tvers av kommunar.

2) Avvikling av kompetansekrav i helse- og omsorgstjenestene

Sykkylven kommune støttar ikkje å avvikle kompetansekrava.

Dette løyser verken problema vi har med å få nok helsepersonell til kommunane, eller utfordringane med å tilby gode nok helsetjenester. Avvikling av kompetansekrava er å gå i motsatt retning av det kommunene har jobbet med i lang tid, nemlig å ansette kvalifisert helsepersonell. Kompetanse blir stadig viktigare når vi får ei aldrande befolkning med samansette helseutfordringar. Kompetanse er også særleg viktig i arbeidet med sårbare og utsette barn og unge og i forebyggjande skulehelseteneste.

3) Innlemming av 22 øyremerkte tilskot til kommunesektoren

Sykkylven kommune er samd med mindretallet i utvalet, som ikkje går inn for kommisjonen sin omfattande innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet.

«På flere områder er de helt avgjørende for at innbyggerne skal få en velferdstjeneste av god kvalitet. Øremerkede midler utgjør en liten del av kommunesektorens samlede inntekter. (...) når Stortinget bevilger øremerkede midler til kommunesektoren, er dette et viktig og ofte avgjørende bidrag for å sikre at nasjonal politikk blir prioritert og gjennomført lokalt.»

Sykkylven kommune stiller seg bak denne utsegna.

Arbeidarpartiet sitt forslag til høyringssvar NOU 2026, foreslått av Hans Petter Brunstad Sørensen, Arbeiderpartiet

Arbeidarpartiet fremjar følgjande forslag til innsending frå kommunedirektøren:

Sykkylven kommune vil understreke at krav til kompetanse i helse og omsorgstenestene og i skulen er heilt avgjerande for å sikre trygge og fagleg forsvarlege tenester til innbyggjarane.

Kommunen meiner at forslag som opnar for å svekke eller fjerne slike nasjonale minstekrav, vil kunne få alvorlege konsekvensar for kvaliteten på tenestene og for pasientsikkerheita.

I ei tid der oppgåvene i kommunesektoren blir meir komplekse, og brukarane har samansette behov, er det ikkje rom for å redusere krava til fagleg kompetanse. Tvert imot er det behov for å styrke kompetansen i tenestene.

Rekrutteringsutfordringar må løysast gjennom betre arbeidsvilkår, styrka bemanning og auka utdanningskapasitet, ikkje gjennom å senke kompetansekrava.

Sykkylven kommune vil derfor tydeleg tilrå at nasjonale krav til kompetanse i helse og omsorgstenestene og lærarnorma i skulen blir vidareført. Dette er ein føresetnad for å sikre likeverdige og forsvarlege tenester, uavhengig av kvar ein bur i landet.

Endringsforslag til ordyden i forslag til vedtak, foreslått av Hans Petter Brunstad Sørensen, Arbeiderpartiet

A: Endringsforslag

Frå: Kommunedirektør får fullmakt til å forme den endeleg høyringsvaret og sende denne innan 16.april.

Til: Kommunestyret ber kommunedirektøren å utforme høyringssvaret i tråd med politiske vedtak frå kommunestyret og sende denne innan 16.april.:

Før kommunestyremøtet vart formelt sett var det lagt opp til gruppearbeid om desse tema, og der gruppene la fram notat frå arbeidet til ordføraren og kommunedirektøren som grunnlag for ein høyringsuttale.

I starten av den formelle handsaminga av saka vart det innvilga gruppemøte på 8-10 minutt.

Etter drøfting av forslaga som vart sett fram av Ap og av SV, vart det innvilga nytt gruppemøte.

Etter gruppemøtet trekte AP sitt tekstforslag til uttalen, og støtter SV sitt forslag.

SV v. Vårdal trekte pkt. 3 i sitt forslag.

Avrøysting: (27 voterande)

Forslaget frå Ap om endra ordlyd i første setning i framlegget vart samrøystes vedteke.

SV sitt forslag, pkt 1; 23 røysta for forslaget om å behalde lærarnormen, 4 røysta for å avvike/endre den.

SV sitt forslag, pkt 2; (om å behalde kompetansekrav i helse og omsorg) fekk 13 røyster og fall, 14 røysta imot.

(Signal utover dette, hovudpunkt 3 - 7 i oppsummeringa av forslaga i NOUen vart støtta av eit stort fleirtal i Sykkylven kommunestyre)

KST - 22/26 Vedtak:

Sykkylven kommunestyre vedtek høyringssvaret fra Sykkylven kommune på NOU 2026 : 1 slik denne ligg føre.

Kommunestyret ber kommunedirektøren å utforme høyringssvaret i tråd med politiske vedtak frå kommunestyret og sende denne innan 16.april.

(Vedtak og signal som grunnlag for uttalen går fram av forslag og avstemming ovanfor)

23/26 STEVNING Erstatningskrav — Ulovleg forvaltning og systematisk blokkering av eigedomsrettar

13.04.2026 Kommunestyret

Behandling

Møtet vart lukka i medhald av kommunelova paragraf 11-5 3.ledd bokstav B jf Offentliglova 18.

Presse og publikum forlet møtet.

Kommunedirektør Torbjørn Emblem orienterte.

Samrøystes vedtak: Som framlegget.

KST - 23/26 Vedtak:

Sykkylven kommunestyre tek informasjonen til vitande.

